

# KONTROLLUTVALET I STRANDA KOMMUNE

## MØTEBOK

Møtedato 02.11.2020 kl. 18.00

Møtestad: møterom Øyna 3. etasje rådhuset

Møtet vart leia av: Helge Kvame

Elles til stades: Eva Rinde Habostad, Per Ingebrigt Karbø, Anne Melgaard Tårn og Vebjørn Skog.

= **5 voterande**

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal.

Frå kommunerevisjonen møtte oppdragansvarleg revisor Kathrin Haram og forvaltingsrevisor Kurt Løvoll.

Frå administrasjonen møtte rådmann Åse Elin Hole og konstituert økonomisjef Arne Krohn.

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste. Vebjørn Skog ønskte å ta opp eit spørsmål under eventuelt.

---

<b>SAK 16/20 GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE I STRANDA KONTROLLUTVAL 08.09.2020</b>
---

Sakspapir frå sekretariatet datert 26. oktober 2020

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Møteboka frå møte 08. september 2020 blir godkjent.

## **SAK 17/20 MELDINGAR TIL STRANDA KONTROLLUTVAL**

Sakspapir frå sekretariatet datert 26. oktober 2020

### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek meldingane til vitande.

## **SAK 18/20 PRESENTASJON AV REVISJONSPLAN 2020**

Sakspapir frå sekretariatet datert 26. oktober 2020

### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Stranda kontrollutval tek framlagte revisjonsplan 2020 til vitande

## **SAK 19/20 OPPFØLGING AV KOMMUNESTYRET SITT VEDTAK OM PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON.**

Sakspapir frå sekretariatet datert 26. oktober 2020

### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Stranda kontrollutval bestillar ein prosjektplan innanfor temaet «vass- og avløpssystemet i Stranda kommune» som grunnlag for ein forvaltningsrevisjon rapport. Prosjektplanen skal leverast på neste møte i Stranda kontrollutval (planlagt til måndag 8. februar 2021) og være grunnlaget for bestilling av endeleg rapport.

## **SAK 20/20 PLAN FOR EIGARSKAPSKONTROLL FOR STRANDA KOMMUNE**

Sakspapir frå sekretariatet datert 26. oktober 2020

### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet sluttar seg til det framlagte forslag til plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 – 2023.

Saka sendast kommunestyret med slik innstilling til vedtak:

1. Kommunestyret vedtar plan for eigarskapskontroll 2020-2023. Første prioritet bør vere å få utarbeid ei oppdatert eigarskapsmelding for Stranda kommune i tråd med ny kommunelov. Kontrollutvalet bør vente med bestilling av eigarskapskontroll til denne meldinga er vedtatt.
2. Kontrollutvalet får fullmakt til å gjere endringar i planen. Ei slik eventuell justering av planen bør bygge på eventuelle endringar i risikobiletet og dei signal som kjem fram i eigarskapsmeldinga.
3. Kontrollutvalet bør prioritere å være med på eigarskapskontrollar som blir initiert av andre kontrollutval i selskap som ein eig saman.

## **SAK 21/20 MØTEPLAN FOR STRANDA KONTROLLUTVAL 2021**

Sakspapir frå sekretariatet datert 26. oktober 2020

### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet i Stranda kommune vedtar følgande møter for kalenderåret 2021:

**måndag 8. februar, måndag 22. mars, måndag 31. mai, måndag 6. september, måndag 1. november**

### **Eventuelt:**

Vebjørn Skog tok opp spørsmålet om einingsleiar kultur si rolle i den nye kammermusikkfestivalen som er under planlegging i Geiranger. Han var uroleg for moglege rolle blandingar og spørsmålet om habilitet og tilliten til ein tenestmann sin upartiskheit.

Rådmannen svarte på nokre punkt og viste til samtale med ordførar. Kontrollutvalet ønskjer ei nærare utgreiing om dette på neste møte. Sekretariatet vil følgje opp dette spørsmålet.

Møtet var slutt kl. 19.15

Helge Kvame	Per Ingebrigt Karbø	Eva Rinde Habostad	Anne Melgaard Tårn	Vebjørn Skog
leiar	nestleiar	medlem	medlem	medlem
(sign.)	(sign.)	(sign.)	(sign.)	(sign.)